

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/1557-1

Årsrapport 2013 frå Stamina Helse bedriftshelseteneste

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet tek årsrapporten frå leverandøren av bedriftshelsetenester - Stamina Helse - til vitande.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber om at årsrapporten vert sendt ut til alle einingane (LAMU) og lagt tilgjengeleg på portalen
- 3) Hovudsamarbeidsutvalet ønskjer at samarbeidet med tenesteleverandøren held fram etter same modell som i 2013.

Vedlegg:

Årsrapport 2013
Avtale om prolongering av leveransen

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Årsrapporten er ei oppsummering av dei tenester Stamina Helse bedriftshelseteneste har bistått Sogn og Fjordane Fylkeskommune med gjennom året, både med omsyn til tidsbruk og innhald i tenesta. Tenesta skal dekke verksemda sine behov for HMT-oppfølging og bistand etter krav i Arbeidsmiljølova sin § 3-3, Forskrift om systematisk HMT-arbeid § 5 og Forskrift om organisering, leiing og medverknad.

Aktiviteten i andre drifts år vart omfatta av implementering av dei tenestene vi ønskjer bistand frå leverandøren av bedriftshelsetenester. Vi stadfestar no at vi er inne i ein driftsfase der vi stabiliserer våre kjøp av tenester etter ein fast modell. Truleg vert omfanget av vårt bistandsbehov aukande i 2014. Nokre leveransar er overordna kjøp som gagnar heile organisasjonen, medan langt dei fleste er tenester levert etter lokalt initiativ. Nokre oppgåver har kome i kjølevatnet av tilsynsbesøk medan andre er frå avvik avdekt av einingane sine eigne rutinar for systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid.

I medhald av inngåtte rammeavtale for bedriftshelsetenester gjeldande frå 01.01.2012 har vi nytta vår opsjon til å forlenge avtalen i ytterligare to år. Vi har motteke aksept frå Stamina Helse og avtalen er no gjeldande fram til 31.12.2015. Forlenginga av vilkåra i avtalen er uendra.

2. Bakgrunn for saka

Frå 21.11.2011 vart det inngått avtale med Stamina Helse (Hjelp24 – namneendring etter fusjon først StaminaHOT, sidan korrigert til Stamina Helse) om levering av bedriftstenestester til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avtalen omfattar alle driftseiningar og tilsette i fylkeskommunen. Fylkeskommunen har avtalt ein fleksibel leveranse av bedriftshelsetenester.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune skal forbetningsarbeidet innan HMS-området vere eit klart definert leiaransvar som skal kanalisert mest mogleg gjennom kvalitetssystemet for HMS. HMS skal sikre eit arbeidsmiljø som gjev arbeidstakarane tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Miljøaspektet er svært viktig for å førebyggje og motverke sjukefråvær. Arbeidet er tilrettelagt i samsvar med arbeidsmiljølova og andre lover som skal sikre forsvarleg arbeidsmiljø, og etter drøftingar med samarbeids-/arbeidsmiljøutvala og med vernetenesta.

3. Stamina Helse sine kommentarar til leveransen

Sjukefråværsarbeid

Det har vert deltaking på dialogmøte for tilsette samt rådgjeving for leiar på fylkesbiblioteket (Ytre kultur). I tillegg er det delteke på dialogmøte for tilsette og/eller rådgjeving for leiarar ved Dale, Høyanger, Eid, Sogndal og Stryn vidaregåande skule.

Systematisk HMT arbeid

Handlingsplan for 2013 til dei ulike underavdelingane som har synt planlagt aktivitet for 2013. Årsrapportane frå LAMU har blitt samanfatta og anbefalingar for tiltak er blitt gitt i forhold til dette.

Revisjonsarbeid på HMT-handbok for Sogn og Fjordane Fylkeskommune har vert utført på eit overordna nivå.

Undervisning i systematisk HMT-arbeid har vert gjennomført for verneombod og i "pilotane" Årdal vidaregåande skule og Sogndal vidaregåande skule sin HMT-dag.

Det har vert delteke på LAMU-møter hos Firda vidaregåande skule og Mo- og Jølster vidaregåande skule.

Det er blitt gjennomført risikovurdering i forhold til maskiner både hos Flora, Høyanger og Eid vidaregåande skule.

Arbeidshelseoppfølging

Det er gjennomført lovpålagte arbeidshelseundersøkingar ved Dale, Eid, Firda, Hafstad, Høyanger, Luster, Mo- og Jølster, Måløy, Sogndal og Stryn vidaregåande skule. Dette er også utført rådgjeving innanfor dette fagfeltet til diverse vidaregåande skular.

Ergonomi

Det er gjennomført funksjonsvurderingar på arbeidsplassen og tilpassing ved kontorarbeidsplassar både hos ulike vidaregåande skule, tannklinikkar, avdeling for næring, avdeling for kultur og hos avdeling for fylkesrådmannen.

Det er gjennomført ergonomikurs på reinhaldsseminaret for Sogn og Fjordane Fylkeskommune og på Flora, Mo- og Jølster, Eid, Sogn Jord- og Hagebruksskule, Høyanger, Måløy og Stryn vidaregåande skule. I tillegg har dette vert ein undervisningsbolc på HMT-dagane ved Sogndal og Årdal vidaregåande skule.

Psykososialt arbeidsmiljø / Organisasjonsutvikling

Det har vert gjennomført undervisning i psykososialt arbeidsmiljø på samling for tannklinikane. Det er gjennomført etterarbeid etter MTM-undersøkinga både i forhold til undervisning og rådgjeving for Fylkesbiblioteket og Fylkesarkivet, Stryn vidaregåande skule og Øyrane vidaregåande skule.

Det er utført kartleggingar av det psykososiale arbeidsmiljøet ved Fylkesarkivet, Fagskulen avdeling Førde, Hyllestad tannklinikk og Øyrane vidaregåande skule.

Det er også levert tenester innanfor rådgjeving innanfor psykososialt arbeidsmiljø til underavdelingane som er nemnt ovanfor.

Det har vert gjennomført innføring/undervisning innanfor dette fagfeltet på Sogndal vidaregåande skule sin HMT-dag.

Fysisk, kjemisk og biologisk arbeidsmiljø

Det er gjennomført risikovurderingar innanfor emnet ved Dale- (kjemikalie og maskiner), Eid- (maskiner), Flora- (kjemikalie og maskiner), Høyanger- (maskiner), Mo- og Jølster- (støy), Måløy- (inneklimate) og Stryn vidaregåande skule.

Det er gjennomført opplæring i kjemikalier ved Flora og Mo- og Jølster vidaregåande skule.

Det er gjennomført innføring/undervisning innanfor dette fagfeltet på HMT-dagen både ved Årdal vidaregåande skule og ved Sogndal vidaregåande skule.

Livsstil og helse

Det har blitt gjennomført ein "pilot" på helseundersøking av dei tilsette med fokus på livsstil ved Måløy vidaregåande skule. Arbeid som er utført er det for- og etterarbeid og sjølve utføringa av dette.

Undervisning og kurs

Det er gjennomført leiarkurs for tannklinikane i Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Det er gjennomført førstehjelpskurs ved Sogn Jord- og Hagebruksskule og Sentraladministrasjonen.

I tillegg er det gjennomført ei innføring i førstehjelp på HMT-dagen ved Sogndal vidaregåande skule.

Census

Det er utført MTM-føre og etterarbeid på klinikkleiersamling i Leikanger, ved Øyrane vidaregåande skule og ved avdelinga for Ytre kultur (samling på Skei).

Våre anbefalingar for 2014

Bedriftshelsetenesta Stamina Helse ynskjer å bidra til at dykk når dei måla de set dykk for HMS arbeidet og bedrifta si helse. Samtidig ynskjer vi at de skal oppleve ein mest mogeleg effektiv og god utnytting av dei rammene som ligger til grunn i avtalen og at dei tiltaka som gjennomførast er målretta og bidreg til opplevd meirverdi. Dette ynskjer vi å vektlegge også i komande periode.

Basert på dei erfaringane vi har gjort oss i føregåande år og dei resultatane vi ser av dei tiltaka som er gjennomført, kjem vi til å lage individuelle planar for dei ulike underavdelingane i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Generelt sett ser ein behov for å bistå dei ulike underavdelingane til å få den grunnleggjande HMT-systematikken på plass ved hjelp av risikovurderingar (både generelle og spesifikke), opplæring innanfor dei ulike emna. Dette vil føre til sikrere arbeidsmiljø, betre arbeidsøkonomi og betre arbeidsmiljø.

Vidare satsing og konkrete leveransar avklarast i samarbeidsmøte og avspeglast i plan for bruk av bedriftshelsetenesta i 2014.

Systematisk HMT-arbeid

Systematisk HMT-arbeid er grunnmuren til ein tryggare og sunnare arbeidsplass. Det har vært aukande fokus på HMT-kartlegging og risikovurdering de siste årene, og kravet gjelder alle bransjar og arbeidsoppgåver. Vi bistår gjerne med vår faglige kompetanse.

Frå 1.1.2013 ble Arbeidsmiljølovens 47 forskrifter forenkla til 6, med ein ny struktur men utan vesentlege materielle endringar:

- Krav til risikovurdering og tilrettelegging av arbeidet
- Vektlegging av krav til utforming og innretning av arbeidsplassen
- Ivaretaking av krav til ein sikker utføring av arbeidet.

Sjukefråværsarbeid

Oppfølging av sjukmeldte er eit viktig arbeid for bedrifter med sjukemeldte tilsette. Det er lovbestemt at BHT skal delta på dialogmøte 1, og i tillegg bør BHT delta på dialogmøte 2.

Funksjonsvurdering: Stamina Helse har utarbeidet en metode for funksjonsvurdering av sjukemeldte tilsette. Dette verktøyet kan være svært nyttig i ein rekke sjukefråværsaker, og kan brukast pro aktivt som vedlegg til oppfølgingssamtalen, og i dialogmøte 1 og 2. Tidlig funksjonsvurdering kan bidra til å redusere sjukefråværet sin varigheit i betydeleg grad.

Stamina Helse bidrar med å oppretthalde fokus på nærversfaktorar i tillegg til sjukefråvær. Samarbeid om å gjennomføre førebyggande tiltak, er vel så viktig som å bidra når noko har skjedd. Eksempel på førebyggande tiltak er:

- HMS-kartlegging og risikovurdering av forhold som kan gje sjukefråvær
- Utarbeide gode rutinar innan sjukefråvær, ergonomi, trivselsforhold på arbeidsplassen
- Opplæring av leiare i korleis gjennomføre "Den nødvendige samtalen" og korleis gjennomføre sjukefråværsoppfølging i praksis.
- Livsstils satsing

Fysisk aktivitet på arbeidsplassen

Alle arbeidsgjevarar skal vurdere å legge til rette for fysisk aktivitet på arbeidsplassen jf. Arbeidsmiljølovens §3.4. Vi veit at ein sunn livsstil og regelmessig fysisk aktivitet førebygger muskel- og skjelettplager, lettare psykiske plager og livsstilssjukdommar, og gir overskot til å meistre utfordringar i kvardagen. Set ein dette i tillegg på HMT planen og gjennomfører målretta tiltak i bedrifta over tid, vil det gje synlege resultat både på sjukefråværet og produktiviteten i bedrifta.

3. Konklusjon

Vi har motteke tilfredsstillande leveransar frå bedriftshelsetenesta vår. Desse er både utviklingsoppgåver og adhoc oppgåver i feltet systematisk helse-, miljø og tryggleik. Fylkesrådmann rår til at rapporten vert teken til vitande og at samarbeidet med tenesteleverandøren held fram etter same mønster som i 2013.